



Helene Huse Bjørnebøle ser fram til barnehageopninga utpå vinteren. Det nye barnehagebygget skal liggja der gamlestova låg. No er den, som vi kan sjå, snart historie.....(Foto: Ola Matti Mathisen).

Utpå seinvinteren eingong får Uskedalen ein privat barnehage, med plass for rundt 15 born. Ho som etablerer Dønhaug gardsbarnehage, førskulelærer Helene Huse Bjørnebøle, trudde for få veker sidan på start ved årsskiftet, men skort på handverkarer gjer at det ikkje går. I slutten av juli var det 25 born på ventelista for barnehageplass i vår bygd.

Barnehagen blir bygt på Dønhaug gard, det vil seia på bruksnummer ein som ligg ned mot vegen oppover dalen. Garden vart i fjor overteke av Erlend Bjørnebøle, som av yrke er elektrikar. Helene og han bygde nytt hus øverst i jordet, høgt og fritt over dalen, og dei flytta inn i april 2005.

Helene (28 år og frå Omvikdalen) vart førskulelærer i 2003 og er utdanna i Stavanger og på Stord. Etter utdanninga har ho vore i barnehage både i Omvikdalen og på Husnes. Helene og Erlend har tre smårollingar, Maren (8), Ingeborg (5) og Karsten (2 i neste månad). Det er typisk for barnehagesituasjonen i Uskedalen at dei måtte få barnehageplass for Karsten i Omvikdalen.

Det er minst fire-fem uskedelingar der no og i tillegg kjem nokon på Husnes, fortel Helene til uskedalen.no.

Helene og Erlend har hatt ideen om ein barnehage i mange år og ideen "tok av" for alvor då det vart klart at dei skulle ta over garden. Helene fortel:

- Etter at vi hadde budd her litt, måtte vi ha eit nytt prosjekt. Ved juletider tok vi kontakt med kommunen, som støtta det 100 prosent. Kommunen ynsker ikkje å konkurrera med vår etablering . Kommunalsjef Asbjørn Skår har vore vår gode kontakt og har gått inn for at vår private barnehage vert realisert så snart som mogleg.

Det vart tidleg klart at den gamle stova ikkje kunne brukast til barnehage. No er Erlend snart klar med rivinga. Vi har fått inn nokre anbod og ventar nokre til. Eg tør ikkje seia noko om når barnehagen kan opna før snikkarane er på plass. Det er framleis ventetid på handverkarar.

Barnehagen blir reist der gamlestova har stått, men får noko større grunnflate, rundt 85 kvadratmeter. Bygget blir i to etasjar og får eit utbygg på oppsida. Det er viktig at resten av det gamle tunet blir teke godt vare på. Ramma rundt barnehagen blir garden og det livet som utfaldar seg der. Vi har sauer og får kaninar og på nabogarden er det dyr av mange slag.

Natur-ramma vil også bli teken i bruk for alt kva den er verd – med skog, strand og elv som viktige elementar. Om vinteren vil jordet bli nytta til aking hvis det kjem snø. Eit samarbeid med utebarnehagen på Skårhaug er også nærliggande. Vi har mange idear som vi gjerne vil setta ut i livet. Ein ting er heilt sikker: Vi kjem til å vera sær s mykje ute.

Helene har for lengst sikra seg tre uskedelingar til som medarbeidarar og ei av dei er førskulelærar. Ho ser ikkje vekk ifrå at det kan verta fleire, men fire årsverk er ramma som ho har sett. Utifrå den aldersgruppefordelinga som ho no kan sjå, trur Helene at det blir aktuelt å ta inn rundt 15 born. Det private barnehagetilbodet kjem i grevens tid. Helene peikar på at det i 2004 vart fødd 25 nye uskedelingar og dei vert tre år neste år. Tilbodet blir spesielt for Uskedalen, men Handeland gard har noko tilsvarande.

- Kva så med takstane?

- Vi kunne ta ein høgare sats enn kommunen då vi får mindre stønad, men går i utgangspunktet inn for å halda den same satsen som dei kommunale barnehagane. Det vil seie 2.250 kroner pr. born. Men om opningstida vert lengre hos oss, kan det bli aktuelt med høgare sats. Kommunen opnar barnehagane klokka 7.30. Vårt alternativ kan vera å opna ein halv time tidlegare, men dette veit vi ikkje noko sikkert om i dag. Det er i det heile framleis mange lause trådar som må nøstast saman, seier den driftige barnehage-etableraren på 28 år.

Av Ola Matti Mathisen